



Larsnes IL Fotball

LARSNES IL SIN PLAN FOR KORLEIS REKRUTTERE NYE ÅRSKULL MED SPELARAR.

Fotballgruppa må sikre seg at alle aktuelle spelarar får eit tilbod om å spele fotball. Dette skal gjerast ved å sende ut skriftleg invitasjon/ informasjon til alle born frå og med det året dei fyller 6år (siste året i barnehagen) og til og med det året dei fyller 16. Alle som har lyst til å spele fotball skal få høve til det.

Informasjonsskrivet må delast ut til alle born i god tid før oppstart av treningar. Det må innehalde info om kvar dei kan melde på sitt born på fotballaktiviteten for sesongen som kjem, og kva det vil innebære at borna tek del på treningar og kampar i regi av Larsnes IL fotball.

Påmeldinga skjer gjennom Larsnes IL si heimeside, eller svarslipp på informasjonsskrivet.

For dei borna som ikkje har vore med tidlegare, altså 6-åringane, kallar ein inn til eit foreldremøte snarast råd etter påmeldingsfristen er ute. Møtet bør avviklast innan utgangen av februar. Oppstartsansvarleg gjennomfører dette. Her får foreldra informasjon om kva som vert forventa av dei, og kva dei kan forvente av fotballgruppa i Larsnes IL.

Fotballstyret legg fram forslag om korleis laga vert samansette på eit felles foreldremøte, medio januar.

I dei yngste klassene – (G6) G7 og G8 bør foreldra vere aktive på treningane. Det er fort gjort at nokon treng litt ekstra trøyst osv.

Larsnes IL er foreldredrive og det er viktig med eit breitt foreldreengasjement på alle kull. Difor er det å bygge eit godt lag basert på klare foreldreroller ein viktig del av jobben vi gjer.

Roller som skal fyllast: hovudtrenar, lagleiar, fair play - ansvarleg, dugnadsansvarleg og journalist.

Alle aktive som har lyst, får tilbod om å delta i Sparebanken Møre sin fotballskule.

Ved skulestart i 1. klasse: ein representant frå Larsnes IL stiller opp med to fotballar – ein til jentene og ein til gutane.